



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Juni 2023 | 34. ÅRGANG | OPPLAG 543



Språkkafé

Biblioteket, Hovden grendehus TORSDAGAR kl. 18 - 19
Tilbod til alle som vil trene på å snakke norsk; flyktningar, arbeidsinnvandrarar og innfødde nordmenn som vil bli kjend med sambygdingar. Enkel servering. Hjarteleg velkomen!

Datoar vår 2023

- 11. mai
- 1. juni
- 8. juni
- 15. juni

Arr.: Bykle frivilligsentral



Boksirkelen

møtast måndag
12/6 klokka 19 i
biblioteket på
Hovden grendehus.
Me les boka "De
tre" av Valerie
Perrin. Biblioteket
kan skaffe boka til
alle som vil vere
med.



Velkomen!

Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral



Velkomen til offisiell opning av dagsturhytta Jarebu på Jarekollen i Bykle

Dato: 17. juni 2023

Kl.11.00 Felles oppmøte ved Ljosløypa i Bykle

Kl.11-13 Det blir naturaktivitetssti ved Midt-Agder Friluftsråd på veg opp.
Løypa er ca. 2 km. i bratt terreng

Kl.13.00 Sjølv arrangementet er på Jarekollen ved hytta.

Program: Offisiell opning og snorklipping ved Fylkesordfører Arne Thomassen og Thor Bernhard Sagland ved Levekårsutvalget Bykle.

Kulturelt innslag: Vetle Hoslemo Tveiten og Eldbjørg Trydal Rysstad kvedar stev. Bjørg Sissel Tveiten lokkar inn med lur.

Aktivitetar og utdeling av premiar frå natursti ved hytta mm.

Oppdatert program kjem.



Tømekalender

Restavfall: **28.6**

Mataavfall: **14.6, 28.6**

Glas/metall, papir og plast: **14.06**

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

Den 1. laurdagen i kvar månad frå
kl. 09:00 til 15:00.



Bygdekinoen www.bygdekinoen.no

Bykle samfunnshus 3. juni:

16:30 Den lille havfruen


19:00 Fast & Furious 10

Hovden grendehus 6. juni:

16:30 Den lille havfruen

19:00 Fast & Furious 10





Kurs i regi av Bykle Husflidslag hausten 2023

Dalebuksekurs v/Laila Rysstad. Kurset er på 150 timar med oppstart tysdag 22.august. Kurset vil gå på tysdagar frå kl 17-22. Bindande påmelding innan 20.juni. Fylg med til hausten; då vil fleire kurs bli annonsert.

Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller epost: jorgine@online.no (40,-/time for medl, 70,-/time for ikkje-medl)

Arr.: Bykle husflidslag

Medlemskveld

Bykle husflidslag ynskjer alle velkomne til medlemskveld tysdag 13. juni kl 19 på Bykle hotell. Maria Böckroth kjem og held foredrag om draktutviklinga i Setesdal. Det vil bli matserving.

Arrangementet er for alle, gratis for medl./100,- for ikkje-medl.

Arr.: Bykle husflidslag

Ordinære opningstider kulturhus og bibliotek :

Hovden grendehus og bibliotek:

Måndag - torsdag 8-21, Fredag 8-16

Kontaktinfo: grendehuset@bykle.kommune.no / tel. 902 16 856

Redusert opningstid i veke 26, 9-16 alle dagar

Sommarstengt veke 27 til veke 31

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-16.30, Onsdag 13-15, Torsdag 10-16.30

Meiopent bibliotek alle dagar 7-23.

Huset er stengt i skulens sommarferie

Kontaktinfo: samfunnshuset@bykle.kommune.no / tel. 476 85 262

Biblioteket kan kontaktast på biblioteket@bykle.kommune.no eller på Facebook: Bykle folkebibliotek

DEN NORSKE KYRKJA
Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Velkomen til sommargudsteneste i

Bykle gamle kyrkje

sundag 25.juni kl 16.00

FJELLKYRKJESTEMNE I SKAFSAHEII FJELLKYRKJE SUNDAG 18. JUNI

KL.1100 GUDSTENESTE
NISSEDALSKORET DELTEK
LAPSKAUS PÅ CAFÉ HALLBJØNN

ETTER MAT SAMLAST VI I
FJELLKYRKJA FOR Å HØYRE
NISSEDALSKORET SYNGE

HØVE TIL Å GJE EI GÅVE TIL DRIFT AV
FJELLKYRKJA.

VELKOMEN!

ARR: KYRKJA OG FJELLKYRKJELAGET



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00

E: postmottak@bykle.kommune.no



Kollektivt meir tilpassa deg
Eit tilbod frå Agder kollektivtrafikk

Vi svippar deg frå dør til dør

AKT Svipp i Bykle er ei samkøyringsteneste for alle i Bykle kommune. Vi hentar deg der du er, og køyrer deg dit du skal innanfor gyldigheitsområdet.

Dette er AKT Svipp:

- AKT Svipp blir køyrt med eigen minibuss måndag og torsdag mellom kl. 8.30 og 14.30. Minibussen hentar deg heime til avtalt tid, og køyrer deg dit du skal innanfor området der du kan reise med AKT Svipp.
- AKT Svipp er ei samkøyringsteneste, og dette inneber at det kan kome på fleire passasjerar på bussen under turen. Hugs å rekne god tid dersom du har ein avtale til eit bestemt klokkeslett.
- Du kan bestille reise 1 veke fram i tid, og du kan ha 10 aktive bestillingar om gongen. Oppgi kva tid du ønsker å bli henta og køyrd heim att, om du treng hjelp med handlenett og liknande, eller om du har med hjelpemiddel som til dømes rullator eller rullestol.

Bestill
Svipptur på
svipp.akt.no
eller på telefon
907 16 815



Bykle kommune
er nå bruker av den nye
innbyggerportalen.

LAST NED OG PRØV

